

Nytt frå Fagområde for allmenmedisin, UiB

Studentane lærer allmenmedisin best i allmennpraksis!

Denne hausten har legestudentane ved Universitetet i Bergen for første gong vore utplassert i 6 veker hos fastlegar på heile Vestlandet, mot tidlegare 4 veker. Sjølv om auken er på 50%, så er UiB framleis ikkje i tet når det gjeld praksis. Til dømes har Universitetet i Tromsø hatt 8 veker i primærhelsetenesta heilt sidan studiet starta på 70-talet.

Vi er veldig takksame for alle fastlegane som stiller rom, lys og varme til disposisjon for studentane våre. Men aller mest betyr det at praksislærarane våre stiller med seg sjølv, som entusiastiske, erfarne og innsiktsfulle rettleiarar og gode rollemodellar. Det er dette som studentane melder tilbake som det eineståande med praksisperioden; få arbeide med pasientar, sjå mange tilstander ein ikkje har sett på sjukehuset, og bli rettleia og få diskutere erfaringane sine med ein interessert og motiverande fagfelle.

Men å vere praksislærar for legestudent i allmennpraksis er også hektisk og må tilpassast den daglege drifta på beste måte. Vi tilbyr no praksislærarane våre faste deltidsstillingar. Vi trur det kan vere til nytte for begge parter, og vi håpar gjennom dette å tilby fleire fordelar enn berre betalinga, som slett ikkje er høg.

Det er to nasjonale føringar som kan bety store utfordringar på dette området i framtida. Begge er i utgangspunktet gledelege: Det kan komme nasjonale signal om at legestudentar bør totalt ha minst 10 vekers praksis i primærhelsetenesta. Og det kan komme krav om formell pedagogisk kompetanse på relativt høgt nivå. Ved Det medisinske fakultet er vi i ferd med å starte utredningar på begge desse områda. Vi må truleg tenke nytt både når det gjeld finansiering og logistikk. Eg ser for meg at framtidige fastlegekontor både må ha eit LIS1-kontor og eit studentkontor tilgjengeleg. Da må vi truleg også utnytte studentkontoret større deler av året. Og vi må få finansiering slik at legekontoret får dekkja kostnadane sine på årsbasis.

Steinar Hunskaar
steinar.hunskar@uib.no

50 år med akademisk allmenmedisin i Norge

I november 2018 var det 50 år sidan opninga av Institutt for allmenmedisin ved Universitetet i Oslo i 1968. Da fekk vi den første norske professoren i faget, Christian F Borchgrevink (f. 1924), han var da den fjerde professor i allmenmedisin i verda. Borchgrevink er med sine 94 år «still going strong» og er framleis deltids sjukeheimslege, truleg landets eldste praktiserande lege.

Under Primærmedisinsk uke i Oslo i oktober var det eit dagskurs om den 50-årige historia når det gjaldt utviklinga av både forskinga og undervisninga, og Borchgrevink heldt sjølv ei innleiing på kurset om korleis den allmenmedisinske undervisninga vart organisert i dei første åra.

Det var Den norske lægeforening som finansierte både professoratet og instituttet den første tida, slik foreninga også gjorde med instituttet i Bergen frå starten i 1972.

Ph.d. om legemidler i sykehjem

Christine Gulla disputerte 11. september 2018 for Ph.d.-graden ved UiB med avhandlingen: «A Fine Balance: Drug Use in Norwegian Nursing Homes». Hun har undersøkt bruk av medisiner mot psykisk sykdom og blodtrykksmedisiner blant sykehjempasienter. Hun fant at 71% av pasientene brukte medisiner mot psykisk sykdom og 41% brukte minst to slike samtidig. Midler mot depresjon og søvnløshet er de vanligste i denne gruppen. Det var spesielt de med mye symptomer på depresjon, angst og uro som fikk flere slike medisiner samtidig.

I KOSMOS-studien ble sykepleiere på sykehjem lært opp i kartlegging av pasientene for blant annet depresjon, uro, smerte og livskvalitet. I Gulla veiledet legemiddelgjennomgangene legene og sykepleierne. Legemiddelgjennomgangene førte til at blodtrykksmedisiner ble redusert. Hvis medisiner ble fjernet, økte blodtrykket litt, men i løpet av 9 måneder var blodtrykket tilbake til nivået ved studiestart. Avhandlingen viser at det brukes

mye medisiner i norske sykehjem, men at det er mulig å redusere medisinbruk uten at det går utover pasientene.

Christine Gulla (f. 1986) er lege og arbeider som sykehjemslege og fastlege på Askøy. Siden 2014 har hun vært knyttet til Senter for alders og sykehjemsmedisin, Institutt for global helse og samfunnsmedisin. Bettina Husebø, Reidun Kjøme og Elisabeth Flo har vært veiledere.

PraksisNett Vest søker legekontor med forskningsinteresse

PraksisNett – Praksisbasert forskningsnettverk i primærhelsetjenesten – er en ny infrastruktur som skal legge til rette for at forskere får mulighet til å gjennomføre gode og kvalitetssikrede studier i norsk allmennpraksis. Samtidig gir PraksisNett fastlegene anledning til å delta i forskning på en forutsigbar og sikker måte.

PraksisNett er et initiativ fra alle de allmenmedisinske forskningsmiljøene. Prosjektet er finansiert av Norges Forskningsråd og partnerne i prosjektet. Nettverket er landsdekkende og skal bestå av 90 fastlegepraksiser organisert gjennom fire regionale nettverk og en overordnet koordinerende enhet som er knyttet til Universitetet i Bergen. Planen er at de første forskningsprosjektene kan startes i løpet av 2019. Forskere som ønsker å benytte seg av PraksisNett for å gjennomføre prosjekter må søke gjennom koordinerende enhet.

Allmenmedisinsk forskningsenhet Bergen (AFE) har ansvar for det regionale nettverket på Vestlandet – PraksisNett Vest. Nå ønsker man kontakt med allmennleger og fastlegekontor i vår region (Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane). Fastlegekontor som blir tilknyttet PraksisNett vil motta et årlig basistilskudd og må delta i minst ett forskningsprosjekt årlig. Deltakelse i prosjekter blir i tillegg kompensert etter medgått tid i det enkelte prosjekt.

Det finnes mer informasjon og påmeldingsskjema på nettsiden praksisnett.no.